



Stad kommune

# Reglement for finans- og gjeldsforvaltning

## Stad kommune



Arkivsak: 21/3211

Versjon: Juni 2021

<b>1. Reglementet sitt føremål og verknadsområde .....</b>	<b>2</b>
<b>2. Heimel og gyldigheit .....</b>	<b>2</b>
<b>3. Forvaltning og forvaltningstypar .....</b>	<b>3</b>
<b>4. Formålet med kommunen si finans- og gjeldsforvaltning .....</b>	<b>3</b>
<b>5. Generelle rammer og avgrensinga .....</b>	<b>3</b>
<b>6. Forvaltning av midlar med låg risiko og høg likviditet.....</b>	<b>4</b>
6.1    Definisjon og formål .....	4
6.2    Avkastningsmål.....	4
6.3    Produktspekter .....	4
6.4    Innskot i bank .....	4
6.5    Rentefond.....	4
<b>7. Forvaltning av midlar med lang tidshorisont .....</b>	<b>5</b>
7.1    Definisjon og formål .....	5
7.2    Avkastningsmål.....	5
7.3    Overordna investeringsrammer .....	5
7.4    Produktspekter .....	5
7.5    Risikorammer .....	6
7.5.1    Likviditetsrisiko .....	6
7.5.2    Kredittrisiko .....	6
7.5.3    Avgrensing av plasseringar – aktivafordeling .....	7
7.5.4    Valutarisiko.....	8
7.6    Avkastningsrisiko og benchmarks.....	8
7.7    Etske retningsliner .....	8
7.8    Krav til grøn forvaltning.....	8
<b>8. Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og finansieringsavtaler .....</b>	<b>8</b>
8.1    Opptak av lån og refinansiering av eksisterande lån .....	8
8.2    Val av låneinstrument.....	9
8.3    Tidspunkt for låneopptak .....	9
8.4    Konkurrerende tilbod .....	9
8.5    Storleik på enkeltlån – fordeling av låneopptak .....	9
8.6    Val av rentebinding og rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument .....	9
<b>9. Rapportering .....</b>	<b>10</b>
<b>10. Kvalitetssikring .....</b>	<b>10</b>

## 1. Reglementet sitt føremål og verknadsområde

### Hensikta med reglementet

Reglementet gjev ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld for kommunen sin finans- og gjeldsforvaltning. Tilhøyrande fullmakter, instruksar og/eller rutinar skal vere heimla i reglementet. Reglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av midlar med låg risiko og høg likviditet, plassering og forvaltning av midlar med lang tidshorisont, og opptak av lån og gjeldsforvaltning.

### Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Stad kommune. Reglementet gjeld også for Stad kommune sine kommunale føretak.

## 2. Heimel og gyldigheit

### Heimel

Dette reglementet er utarbeidd på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) av 22. juni 2018, § 14-2 pkt. e) og § 14-13
- Forskrift om kommunar og fylkeskommunar sin finans- og gjeldsforvaltning av 18. november 2019.

Paragraf 6 i forskrifta har slik ordlyd:

#### **«§ 6. Krav til innholdet i finansreglementet**

*Finansreglementet skal inneholde regler om hvordan kommunens eller fylkeskommunens finansielle midler og finansielle forpliktelser skal forvaltes i samsvar med kommuneloven § 14-1 tredje ledd, jf. § 14-13 første ledd.*

*Finansreglementet skal minst angi*

*a. hva som er formålet med forvaltningen*

*b. hvilke midler som skal forvaltes med lav risiko og høy likviditet*

*c. hvilke midler som skal forvaltes med en lang tidshorisont*

*d. hvilke avkastningsmål, rammer og begrensninger som gjelder for forvaltningen av midlene som er nevnt i bokstav b og c*

*e. hvilke rammer og begrensninger som gjelder for forvaltningen av gjeld*

*f. hvordan avvik fra finansreglementet skal håndteres.*

*Etter første ledd bokstav d og e skal det blant annet angis hva som er tillatt risiko, kravene til risikospredning og hvilke finansielle instrumenter som er tillatt.»*

### 3. Forvaltning og forvaltningstypar

I samsvar med forskrift om kommunar og fylkeskommunar si finans- og gjeldsforvaltning, skal reglementet omfatte forvaltninga av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld).

Gjennom dette reglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsføremål, dvs. midlar med låg risiko og krav til høg likviditet
- Plassering og forvaltning av midlar med lang tidshorisont
- Låneopptak og forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje.

### 4. Formålet med kommunen si finans- og gjeldsforvaltning

Finans- og gjeldsforvaltninga har som overordna føremål å sikre ei god avkastning, samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innafør definerte risikorammer. Dette skal ein søkje å oppnå gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke sine forpliktingar
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, der ein tek omsyn til tidsperspektiv på plasseringane
- Forvaltning av midlar med lang tidshorisont skal gje ei god langsiktig avkastning til akseptabel risiko som over tid skal bidra til å gje innbyggjarane i kommunen eit best mogeleg tenestetilbod
- Lånte midlar skal over tid gje lågast mogeleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.

### 5. Generelle rammer og avgrensinga

Kommunen er utsett for finansiell risiko knytt til plasseringar av midlar og lån av midlar. Finansiell risiko er utryggleiken om den framtidige verdien på plasseringar og forpliktingar i forhold til verdien på plasseringstidspunktet. Det er samvariasjon mellom grad av risiko og avkastningspotensiale. Ved høgare avkastningskrav må ein normalt leggje til grunn høgare finansiell risiko.

- Kommunestyret skal sjølv, gjennom fastsetjing av dette reglementet, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansiell risiko, jf. kommunelova § 14-3
- Reglementet skal byggje på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle marknader og instrument
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finans- og gjeldsforvaltninga, under her kva som skal reknast som midlar med lang tidshorisont
- Kommunedirektøren har ei sjølvstendig plikt til å greie ut og leggje fram saker for kommunestyret som er av prinsipiell art

- Kommunedirektøren skal vurdere reglementet sine forskjellige rammer og avgrensingar, og om disse på ein klar og tydeleg måte sikrar at finans- og gjeldsforvaltninga vert utøvd forsvarleg i forhold til dei risikoar kommunen er eksponert for
- Det er delegert til kommunedirektøren å inngå avtaler i samsvar med dette reglementet
- Det er delegert til kommunedirektøren å utarbeide nødvendige fullmakter, instruksar og/eller rutinar for dei enkelte forvaltningsformer som er i samsvar med dette reglementet
- Det er delegert til kommunedirektøren å inngå kontrakt med ekstern forvaltar/rådgjevar for forvaltning i samsvar med dette reglementet
- Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt nemnt lov å bruke gjennom dette reglementet, kan ikkje nyttast i kommunen si finans- og gjeldsforvaltning.

## 6. Forvaltning av midlar med låg risiko og høg likviditet

### 6.1 Definisjon og formål

Forvaltning av likviditet med låg risiko og høg likviditet skal sikre at kommunen kan betale sine utgifter ved forfall og samtidig få tilfredsstillande avkastning. Alle midlar som er berekna for driftslikviditet dei neste 12 månader vert å rekne som midlar med låg risiko og høg likviditet. Kommunen skal til ei kvar tid ha ein tilgjengeleg driftslikviditet på kommunen sine bankkontoar som minst er like stor som forventa likviditetsbehov i dei neste 30 dagane.

### 6.2 Avkastningsmål

Forvaltning av likviditet med låg risiko og høg likviditet skal minimum oppnå avkastning tilsvarande innskotsrente på hovudbankavtale.

### 6.3 Produktspekter

Kommunen sin driftslikviditet skal vere tilgjengeleg med maksimalt to bankdagars varsel. Dette medfører plassering med minimal risiko og kort disponeringstid. Kommunen sine midlar med låg risiko og høg likviditet utover driftslikviditeten, kan plasserast i innskot i bank eller rentefond. Kommunen skal inngå hovudbankavtale for å ta i vare behovet for banktenester.

### 6.4 Innskot i bank

Bankinnskot skal vere i kommunen sin hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre større bankar. For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:

- Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode på meir enn 6 månadar
- Innskot i norske finansinstitusjonar og utanlandske finansinstitusjonar etablert i Noreg.

Finansinstitusjonen skal ha ein forvaltningskapital på minimum 1 mrd. norske kroner, rating på minimum BBB- (Investment Grade) og kommunen sitt samla innskot i finansinstitusjonen skal ikkje overstige 2 % av institusjonen sin forvaltningskapital. Avgrensingane gjeld ikkje for flytande innskot hos kommunen sin hovudbank.

### 6.5 Rentefond

For plassering i rentefond klassifisert som pengemarknadsfond m/lav risiko, pengemarknadsfond, obligasjonsfond 0,125 og obligasjonsfond 1 gjeld avgrensingar som vist i tabell nedanfor:

	Pengemarknadsfond m/lav risiko	Penge- marknadsfond	Obligasjonsfond 0,125	Obligasjonsfond 1
Volum*	0-100 %	0-70 %	0-50 %	0-30 %
Maksimal del i fondet	maks 15 % av fondet sin forvaltningskapital (FK)	maks 10 % av fondet sin FK	maks 10 % av fondet sin FK	maks 10 % av fondet sin FK

\*Volum av midlar med låg risiko og høg likviditet, utover forventa likviditetsbehov i dei neste 30 dagane.

Meir omtale av dette finn ein her: [Verdipapirfondenes forenings bransjestandard for informasjon og klassifisering av rentefond.](#)

## 7. Forvaltning av midlar med lang tidshorisont

### 7.1 Definisjon og formål

Alle midlar ut over det som er berekna for driftslikviditet dei neste 12 månader vert å rekne som midlar med lang tidshorisont. Forvaltning av midlar med lang tidshorisont har som formål å sikre ei langsiktig avkastning som kan bidra til å gje innbyggjarane i kommunen eit best mogeleg tenestetilbod. Det skal styrast etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein vil oppnå ei rimeleg årleg avkastning.

### 7.2 Avkastningsmål

Forvaltning av midlar med lang tidshorisont skal søke å oppnå avkastning tilsvarande referanseindeks eller betre for dei ulike plasseringsinstrument.

### 7.3 Overordna investeringsrammer

Kommunen skal i si forvaltning av midlar med lang tidshorisont ha ein låg til moderat risikoprofil.

Midlane skal forvaltast etter disse kriteria

- tryggleik for midlane
- risikospreiing
- likviditet
- avkastning.

Risikospreiing reduserer den finansielle risikoen. Risikospreiing får ein ved å fordele midlane på ulike produkt og verdipapir innanfor fleire aktivaklassar og risikoklassar.

Forvaltninga skal vere i børsnoterte verdipapirfond hos anerkjende forvaltningar som tilfredsstillar Finanstilsynet sitt regelverk.

### 7.4 Produktspekter

Følgjande produkt er tilgjengelege for inkludering i ei forvaltningsportefølje:

- bankinnskott
- sertifikat
- pengemarknadsfond
- obligasjonar

- obligasjonsfond
- aksjeindekserte obligasjonar
- næringseigedom
- kombinasjonsfond
- aksjefond
- eigenkapitalbevis i norske bankar
- aksjar og grunnfondsbevis
- valutainstrument\*).

\*) Valutainstrument kan berre brukast som sikring i samband med kjøp av utanlandske papir og fond denominert i anna valuta enn NOK og som inngår i produktspekteret ovanfor.

Produkt som ikkje er nemnt i oppstillinga ovanfor, kan ikkje nyttast i forvaltningsporteføljen.

## 7.5 Risikorammer

### 7.5.1 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen er faren for at plasseringar ikkje kan gjerast disponible for kommunen på kort tid, utan at det oppstår vesentlege verdifall på plasseringane i samband med realisasjon.

Likviditetsrisikoen vert styrt mellom anna gjennom storleiken på statspapir i porteføljen. Statssertifikat og statsobligasjonar er dei verdipapira som er mest likvide i den norske marknaden og kor det til ei kvar tid vert kvotert kursar i marknaden med lågast differanse mellom kjøps- og salskurs.

### 7.5.2 Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert ved faren for at ein motpart i ei kontrakt ikkje innfrir sine forpliktingar. Eksempelvis at ein seljar av ein obligasjon ikkje betalar tilbake heile eller delar av lånet ved forfall (inkludert renter).

Kredittrisiko vert styrt gjennom å klassifisere kredittrisiko i risikoklassar og ved å etablere avgrensingar for plassering i risikoklasse og debitor med utgangspunkt i det krav som er sett til kredittrisiko.

Risikoklasse 1           Obligasjonar/sertifikat utstedt av stat eller føretak med statsgaranti innafor OECD, samt statsobligasjonsfond.

Risikoklasse 2           Obligasjonar med fortrinnsrett, obligasjonar/sertifikat utstedt av statsføretak, fylkeskommunar og kommunar, kraftverk med garanti frå kommune/ fylkeskommune, bankar, forsikringsselskap og kredittføretak, innskot i bankar.

Pengemarknads- og obligasjonsfond vert normalt plassert i denne risikoklassen, med unntak av fond som inneheld industrilån og ansvarlege lån. Disse sistnemnte vert plassert i risikoklasse 3.

Risikoklasse 3	Obligasjonar/sertifikat utstedt av industriføretak eller fond med tilsvarende risiko. Pengemarknads- og obligasjonsfond etter same kriteria som over. Obligasjonar, sertifikat og innskot som inngår i Risikoklasse 2 og Risikoklasse 3 (enten enkeltvis eller gjennom verdipapirfond) er minimum ratet investment grade, dvs. BBB- eller betre.
Risikoklasse 4	Eigedom, konvertible obligasjonar, ansvarlege lån, fondsobligasjonar og anna hybridkapital, kombinasjonsfond, hedge fond, fond i fond og high yield fond (fond som inneheld industripapir med dårlegare rating enn BBB-). Strukturerte produkt (kapitalsikra obligasjonar) vert klassifisert normalt i denne risikoklassen på grunn av normalt lågare likviditet enn i ordinære obligasjonar.
Risikoklasse 5	Aksjefond og allokeringsfond (fond med mandat til å investere i fleire aktivaklassar)
Risikoklasse 6	Enkeltaksjar, eigenkapitalbevis og private equity (investeringar i bedrifter som ikkje er på børs)

### 7.5.3 Avgrensing av plasseringar – aktivafordeling

For å styre kredittrisiko må det setjast avgrensingar for plasseringane. Kommunen skal normalt ha ei fordeling av langsiktige finansielle aktiva basert på ein nøytral posisjon og med minimums- og maksimumsrammer for taktisk aktiva allokering:

Aktivaklasser/Produkt	% fordeling av porteføljen			Risiko-klasse	Referanse-indeks
	Nøytral	Min	Maks		
Rentefond	65 %	35 %	100 %	1-4	
herav: -Pengemarknadsfond	0 %	0 %	20 %	1-4	NORM12D3
-Obligasjonar/-fond, nordisk	55 %	35 %	70 %	1-4	NORM12D3
-Obligasjonar/-fond, global	10 %	0 %	25 %	1-4	NORM12D3
Aksjefond	35 %	0 %	45 %	5	
herav: -Aksjefond, norsk	10 %	0 %	20 %	5	OSEFX
-Aksjefond, utland	25 %	0 %	35 %	5	MSCI AC (ND)
Eigenkapitalbevis i norske bankar	0 %	0 %	10 %	6	OSEFX
*Alternative investeringar	0 %	0 %	20 %	4	NORM12D3

*\*Alternative investeringar omfattar investeringar i ubelånt næringseigedom og valutasikra hegdefond. Desse skal primært berre nyttast alternativt i periodar med aukande risiko i aksjeporteføljen og når ordinære reinvesteringar i rentemarknaden ikkje er venta å gje tilfredsstillande avkastning. Det bør berre vurderast diversifiserte eigedomsprosjekt som er sett saman og retta mot den profesjonelle institusjonelle marknaden.*

Avgrensingar i tillegg til tabellen ovanfor:

- Det er ikkje anledning å plassere meir enn 35 % av porteføljens totale forvaltningskapital i eitt enkelt aksjefond

- Kommunen kan ikkje eige meir enn 10 % av fondsdelane i eitt enkelt verdipapirfond
- Kommunen si eksponering (innskot og direkteeige i obligasjonar/sertifikat) i ein enkelt bank skal ikkje utgjere meir enn 2% av banken sin forvaltningskapital.

#### 7.5.4 Valutarisiko

- Investeringar i utanlandske obligasjonar/obligasjonsfond skal vere valutasikra i NOK.
- Investeringar i utanlandske aksjefond kan valutasikrast i NOK.

#### 7.6 Avkastningsrisiko og benchmarks

Avkastningsrisiko er definert som risiko for verdiendring på egedelar som følgje av endringar i marknadstilhøve – slik som endring i aksjekursar, rentenivå og endring i volatiliteten (svingingar over tid) i disse marknadane. Avkastningsrisikoen for aksjar skal styrast gjennom storleiken som vert sett for maksimal ramme for denne risikoklassa.

Samtidig med den absolutte risiko (risikoen for ikkje å nå oppsett avkastningsmål) har kommunen også ein relativ risiko som er risikoen for ikkje å oppnå avkastninga til ei samanlikningsportefølje (benchmarkportefølje).

*Eksempel på Benchmark (referanseindeks) for midlar med lang tidshorisont:*

- Bank/likviditet NBP Norwegian RM1-RM2 Duration 3 Index
- Renteberande portefølje NBP Norwegian RM1-RM2 Duration 3 Index
- Aksjar/Aksjefond norske Oslo Børs Fondsindeks (OSEFX)
- Aksjar/Aksjefond utanlandske MSCI All Countries

#### 7.7 Etiske retningslinjer

Finansielle investeringar skal vurderast i høve sosiale, miljømessige- og etiske kriterier. [Statens Pensjonsfond Utland](#) sine etiske retningslinjer skal vere retningsgjevande for kommunen si etiske handtering av finansforvaltninga.

#### 7.8 Krav til grøn forvaltning

1. Stad kommune skal ikkje ha midlar plassert i kullselskap. Definisjonen av slike selskap og ekskludering blir tilsvarende som KLP sine vedtak på dette.
2. Stad kommune skal ha minimalt av midlar plassert mot selskap som driv direkte utvinning og produksjon av andre fossile brensel enn kull. Dette skal uansett ikkje overstige 7 % av kommunen sin totale forvaltningsportefølje.

## 8. Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og finansieringsavtaler

### 8.1 Opptak av lån og refinansiering av eksisterande lån

Kommunestyret gjer vedtak om opptak av lån i eige vedtak i samband med årsbudsjettet. Slikt vedtak skal som minimum innehalde storleiken på lånet og visning til riktig paragraf i kommunelova.

### **Delegering:**

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak gjer kommunedirektøren låneopptak, godkjenning av lånevilkår, signering av gjeldsbrev og anna forvaltning av kommunen sine innlån etter dei retningslinjer som går fram av dette reglementet, og i tråd med bestemmingane i kommunelova §§ 14-4 – 14-17.

Kommunedirektøren har innanfor rammene i dette reglementet fullmakt til å ta opp lån til refinansiering av eksisterande lån og signere gjeldsbrev på disse, og til å godkjenne nye rentebetingelsar på forfalne renteavtalar på eksisterande lån.

### **8.2 Val av låneinstrument**

- Det kan berre takast opp lån i norske kroner.
- Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar og livselskap.
- Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).
- Lån kan òg takast opp i sertifikat og obligasjonsmarknaden.
- Finansiering av investeringar kan òg skje gjennom finansiell leasing.

### **8.3 Tidspunkt for låneopptak**

Tidspunktet for låneopptak skal vurderast opp mot vedteke investeringsbudsjett og likviditetsbehov.

### **8.4 Konkurrerande tilbod**

Låneopptak skal gjerast til marknadenes gunstigaste vilkår. Det skal normalt hentast inn minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långjevarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank, for eksempel startlån i Husbanken.

### **8.5 Storleik på enkeltlån – fordeling av låneopptak**

- a) Låneporteføljen skal bestå av færrast mogeleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert lågast mogeleg.
- b) Enkeltlån skal ikkje utgjere meir enn 30 % av kommunen si samla låneportefølje.
- c) Refinansieringsrisikoen (risiko for at ein ikkje får teke opp nytt lån når eit lån forfell) skal reduserast ved å spreie tidspunkt for forfall.
- d) Lån som forfell og som ikkje skal innløyast innan ein periode på 12 mnd skal ikkje overstige meir enn 50 % av total gjeldsportefølje.

### **8.6 Val av rentebinding og rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument**

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode innanfor eit akseptabelt risikonivå, for å oppnå føreseieleg og lågast mogeleg renteutgift.

Forvaltninga skal leggjast opp i tråd med følgjande:

- Renterisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering
- Gjennomsnittleg attverande rentebinding (vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til ei kvar tid vere mellom 0,5 og 5 år.

## 9. Rapportering

Kommunedirektøren skal ved tertialrapporteringar pr. 30. april og 31. august legge fram rapport for kommunestyret som syner status for kommunen si finans- og gjeldsforvaltning. I tillegg skal kommunedirektøren så snart råd etter årets utgang legge fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporteringa skal informere om:

- Resultat og risiko av finans- og gjeldsforvaltninga mot referansar, med historikk for dei ulike aktiva og passiva klassane, slik dette er regulert i forskrifta § 8
- Kontroll av at disponeringane er gjort i samsvar med dette reglementet.

### Stresstest

I tillegg skal plasseringa av kommunen sine midlar med lang tidshorisont ved kvar årsrapportering stresstestast med følgjande parameter:

- +1 % parallelt skift i rentekurven
- -20 % verdiendring på utanlandske aksjar
- -30 % verdiendring på norske aksjar

Samla verdifall på midlane skal opplyst, og kommunedirektøren skal kommentere kommunen si evne til å bære det potensielle tapet. Dersom kommunedirektøren si vurdering er at det potensielle tapet er for stort i forhold til kommunen si risikoberande evne, skal kommunedirektøren legge fram forslag til endring i reglementet og samansetninga av den risikoberande porteføljen.

## 10. Kvalitetssikring

Forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning § 7 pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om dette reglementet legg rammer for ei finans- og gjeldsforvaltning som er i samsvar med kommunelova sine reglar og reglane i garanti og finans- og gjeldsforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere kommunen sine rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga.

Kommunedirektøren får ansvar for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.